




Sunnfjord
kommune

Folketalsutvikling i Sunnfjord kommune

2024-2050




Innhald

Innhald	2
1 Framskrivning folketalsutvikling	3
1.1 Framskrivning av barnehagebarn	4
1.1.1 Framskrivning i aldersgruppa 1-5 år	4
1.1.2 Framskrivning i aldersgruppa 0 år	5
1.1.3 Tal fødde barn.....	6
1.2 Framskrivning i ulike aldersgrupper	7
1.2.1 Framskrivning i aldersgruppa 0-5 år	7
1.2.2 Framskrivning i aldersgruppa 6-15 år	8
1.2.3 Framskrivning i aldersgruppa 16-19 år	9
1.2.4 Framskrivning i aldersgruppa 20-44 år	10
1.2.5 Framskrivning i aldersgruppa 45-66 år	11
1.2.6 Framskrivning i aldersgruppa 67-79 år	12
1.2.7 Framskrivning i aldersgruppa 80-89 år	13
1.2.8 Framskrivning i aldersgruppa 90 år eller eldre.....	14
1.3 Framskrivningar som påverkar utviklinga.....	15
1.3.1 Framskrivning av døde	15
1.3.2 Framskrivning av nettoinnvandring	16
2 Kjelder	17



1 Framskrivning folketalsutvikling


Alle framskrivningane er henta frå SSB tabell 14288 og 14289 og er middels vekst.



1.1 Framskriving av barnehagebarn

1.1.1 Framskriving i aldersgruppa 1-5 år


Dette er aldersgruppa som er barnehagebarn.



Det er flest barn i 2024 med 1 238 barn og minst i 2050 med 1 136. I perioden blir det 102 færre barn i aldersgruppa. Den største nedgangen er frå 2024 til 2029 med 94 barn. Det er ein auke i tal barn i perioden 2029 – 2040 før det igjen blir ei negativ utvikling.


1.1.2 Framskriving i aldersgruppa 0 år

Dette er aldersgruppa som rekruttering til barnehagesektoren.



Det er flest barn i aldersgruppa i 2036 med 237 barn og færrest barn i 2050 med 214. Det er ei positiv utvikling frå 2024 til 2036 og det blir ein auke med 19 barn. Frå 2036 og fram til 2050 er det ei negativ utvikling og det blir 23 færre barn i perioden. Samla ligg ein på om lag same nivå i heile perioden.


1.1.3 Tal fødte barn



Tal fødte barn i perioden er om lag på same nivå, forskjellen mellom høgst og minst er 26 barn. Det blir født flest i 2035 og 2036 med 236 barn og minst i 2050 med 210 barn. Det blir i gjennomsnitt født 227 barn per år.


1.2 Framskriving i ulike aldersgrupper

1.2.1 Framskriving i aldersgruppa 0-5 år




Det er flest barn i 2024 med 1 456 barn og minst i 2050 med 1 354 barn. I perioden blir det 102 færre barn i aldersgruppa. Den største nedgangen er frå 2024 til 2030 med 94 barn. Det er ein auke i tal barn i perioden 2029 – 2040 før det igjen har ei negativ utvikling. Det er ein nedgang på 7 % frå 2024 til 2050.

1.2.2 Framskriving i aldersgruppa 6-15 år



Det er ei negativ utvikling i heile perioden, der det er flest barn i 2024 med 2 920 og færrest i 2050 med 2 464. I perioden blir det 456 færre barn. Denne gruppa er grunnlaget for grunnskule. Det er ein nedgang på 16 % frå 2024 til 2050.


1.2.3 Framskrivning i aldersgruppa 16-19 år



Det er ei negativ utvikling i heile perioden, der det er flest unge vaksne i 2024 med 1 272 og færrest i 2049 med 987. I perioden blir det 285 færre unge vaksne. Denne gruppa er grunnlaget for vidaregåande skule. Det er ein nedgang på 22 % frå 2024 til 2050.


1.2.4 Framskriving i aldersgruppa 20-44 år

Dette er gruppa som normalt får barn og kan bidra til folketalsauke.




Det er ein liten auke heilt i starten av perioden, og det er flest i 2025 og 2026 med 7 167. Det er færrest i 2050 med 6 130. I perioden blir det 1 037 færre som kan bidra til folketalsauke. Det er ein nedgang på 14 % frå 2024 til 2050.

1.2.5 Framskriving i aldersgruppa 45-66 år




Tal individ varierer noko gjennom perioden. Det er flest i aldersgruppa i 2039 med 6 071 og færrest i 2033 med 6 001. Det er 35 færre frå 2024 samanlikna med 2050. Det er ein nedgang på 1 % frå 2024 til 2050.

1.2.6 Framskrivning i aldersgruppa 67-79 år




Det er ein jamn auke i aldersgruppa gjennom perioden. Det er flest i aldersgruppa i 2042 med 3 200 og færrest i 2024 med 2 683. Det er ein auke på 426 frå 2024 samanlikna med 2050. Det er ein auke på 16 % frå 2024 til 2050.

1.2.7 Framskrivning i aldersgruppa 80-89 år



Det er ein rask auke i aldersgruppa gjennom perioden. Det er flest i aldersgruppa i 2050 med 1 794 og færrest i 2024 med 786. Det er ein auke på 1 008 frå 2024 til 2050. Det er ein auke på 128 % frå 2024 til 2050.


1.2.8 Framskriving i aldersgruppa 90 år eller eldre



Det er ein rask auke i aldersgruppa gjennom perioden. Det er flest i aldersgruppa i 2050 med 575 og færrest i 2024 med 186. Det er ein auke på 389 frå 2024 samanlikna med 2050. Det er ein auke på 209 % frå 2024 til 2050.


1.3 Framskrivingar som påverkar utviklinga

1.3.1 Framskriving av døde



Tal døde har ei jamn auke gjennom perioden, forskjellen mellom flest og minst er 75 døde. Det er færrest døde i 2024 med 163 og flest døde i 2050 med 238. Det dør i gjennomsnitt 201 per år.

1.3.2 Framskriving av nettoinnvandring



Det er ei negativ utvikling av nettoinnvandring i heile perioden. Grafen syner inn- og utvandring til kommunen både frå utlandet og innlandet. Det er flest i 2024 med 160 individ og minst i 2049 og 2050 med 67. Det er tidleg i perioden ein større reduksjon, medan det flatar ut frå 2026. I snitt er det 76 individ i nettoinnvandring per år.



2 Kjelder

- Illustrasjon, Gregory Idehen
- SSB 14288: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter kjønn og alder i 9 alternativer (K) 2024-2050
- SSB 14289: Framskrevet befolkningsendringer, etter region, alternativ, år og statistikkvariabel

